



**Saksprotokoll**

---

**Organ:** **Hovudutval for næring og kultur**

**Møtedato:** 30.04.2019

---

**Sak nr.:** 17/4359-18  
**Internt I.nr.** 24529/19

**Sak:** 30/19

**Tittel:** **Søknad om støtte til bevaring av kulturhistoriske verdiar på Harastølen**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Harastølen AS får eit tilskot på 4 mill. kr. til å ta i vare dei kulturhistoriske verdiane på Harastølen i Luster. Tilskotet er mindre enn søkt om, og Harastølen AS må difor sende inn ein ny kostnads- og finansieringsplan der dei spesifiserer korleis dei vil nytte dei tildelte midlane i tråd med føringane i punkta under, og vurderingane i denne saka. Den nye kostnads- og finansieringsplanen skal godkjennast av fylkesdirektøren.
2. Tilskotet kan nyttast til å delfinansiere inntil 50% av kostnadane med utvendig istandsetjing av følgjande bygningar i prioritert rekkefølge:
  - a. Kapellet
  - b. Overlegebustaden
  - c. Reservelegebustaden
  - d. Taubanebygget
  - e. Hageanlegget
  - f. Vaktmeisterbustad/Kraftverket
  - g. Stabburet
  - h. Løene
  - i. Søsterhjemmet
3. Tilskotet kan nyttast til å delfinansiere inntil 50% av kostnadane ved innvendig istandsetjing av trappegangar og biblioteket i hovudbygningen.
4. Ein del av tilskotet kan nyttast til delfinansiering av istandsetjing av arbeidsbrakkene, tilskotet kan nyttast til å dekke inntil 50% av utgiftene til utvendig istandsetjing.
5. Tilskotet kan nyttast til å dekke inntil 50% av kostnadane med istandsetjing av hageanlegget ved hovudbygningen og overlegebustaden.
6. Istandsetjinga av bygningane skal gjerast etter antikvariske prinsipp. Det vil seie at mest mogleg av opphaveleg/eldre material skal nyttast om att. Der det er behov for å skifte ut material med ny skal ny material ha same kvalitet og utforming som den gamle.
7. Det er ein føresetnad for tilskotet at Harastølen AS blir overdratt til investorgruppa som skal drive prosjektet på Harastølen vidare, slik som skissert i intensjonsavtalen mellom partane.

8. Tilskotet vert gitt med heimel i artikkel 53 i det alminnelege gruppeunnataket (kulturstøtte).
9. Tilskotet er ikkje endeleg før tilskotsmottakar stadfestar at dei tek i mot tilskotet på dei vilkår som er sette, og har sendt inn og fått godkjent oppdatert kostnads- og finansieringsplan. Tilskotet er heller ikkje endeleg før gruppeunntaksmelding er sendt inn til ESA gjennom Nærings- og fiskeridepartementet.
10. Tilskotet vert dekka med midlar disponible for hovudutval for plan og næring, utviklingsfond næring.
11. Fylkesdirektøren får fullmakt til å spesifisere vilkåra for tilskotet i tråd med vurderinga i denne saka.